
Saknr: 2020/187-1
Saksbehandlar Hanne Marthe Espe
Dato: 09.03.2020

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering

E-sport-klubb i Årdal som resultat av vedtak i Fylkestinget i desember

Sogn Avis publiserte 5. mars ei sak om ein nystarta e-sport-klubb i Øvre Årdal, som kom i gang etter at det vart vedteke i fylkestinget i desember 2019 at fylkeskommunen skal ha ein eigen strategi for dette område.

Administrasjonen er godt i gang med oppfølginga av dette, både internt i ulike avdelingar i fylkeskommunen og eksternt mot ulike aktørar. Særleg er det interessant å sjå på utviklinga i dei vidaregåande skulane.

Denne saka (vedlagt) viser at engasjementet er stort og at arbeidet er viktig.

«Det som trigga etableringa av Årdal e-sport er at fylkestinget i Vestland bestemte seg for å satsa på e-sport. Me diskuterte gjennom julehelga og bestemte oss for å fyra i gang, seier Kai Wigum, initiativtakar og leiar i Årdal e-sport.»